

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, Hermansverk, møterom Skåla</b>
<b>Møtedato</b>	<b>24.11.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:00 – 18:30</b>

**Faste medlemer til stades:** Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Jorunn Ringstad, Klaus Iversen, Lise-May Sæle

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:** Frode Bøthun

**Til stades med møte- og talerett:** Fylkesordfører Jenny Følling, sak 56/15 pkt. 1

Fylkesrådmann Tore Eriksen, sak 56/15 pkt. 3

SF revisjon IKS: Ingvar Linde og Marianne Vara

Deloitte AS: Line Johansen og Gunnar Husabø, sak 50/15, 54/15 og 56/15 pkt. 1 og 2.

**Sekretariat for møtet:** Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Kontrollutvalet vedtok samråystes at sak nr. 56/15 pkt 3 og pkt 5c vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, jfr. forvaltningslova § 13.

Møtebok frå 3.11.2015 vart godkjend utan merknader.

Kontrollutvalet sine medlemar var med på politikaroplæring kl. 0900 – 11.00 denne dagen.

Odd Atle Stegegjerdet  
Jenny Følling  
Tore Eriksen  
Ingvar Linde  
Gunnar Husabø  
Frode Bøthun

**SAK 48/15      Reglement for kontrollutvalet**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

**Endringsframlegg som kom fram i møtet:**

Forslag om endring av teksten i reglementet på tre stader. Rettinga vert føreteke i dokument «Reglement for kontrollutvalet i Sogn og Fjordan fylkeskommune» før det vert sendt til fylkestinget. Rettingane er:

- § 4 siste avsnitt, 2. setning. Ordet *vanlegvis* vert sett inni teksten. Setninga vert slik:  
Dei øvrige medlemmane møter vanlegvis ikkje under fylkestingseta.
- § 5 siste avsnitt, 1. setning. Orda *eller leiar* vert sett inn i setninga og setninga vert endra til:  
Kontrollutvalet, leiaren eller medlemer utpeikt av kontrollutvalet eller leiar har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalte organ i fylkeskommunen.
- § 8 Overskrifta. Ordet *Endingar* vert retta opp, slik at det står Endringar.

**Avrøyting:**

\* Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

---

**SAK 49/15      Møteplan kontrollutvalet 2016**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Møteplan for kontrollutvalet 2016:

Tysdag	26. januar
Torsdag	3. mars
Tysdag	12. april
Tysdag	31. mai
Torsdag	25. august
Tysdag	27. september
Tysdag	22. november

**SAK 50/15      Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 - bestilling av overordna analyse**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Bestilling av overordna analyse av den fylkeskommunale verksemda i samsvar med vedlagte bestillingsdokument vert oversendt Deloitte AS.
- 

**SAK 51/15      Plan for selskapskontroll 2016 - 2020 - Bestilling av overordna analyse**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Bestilling av overordna analyse av den fylkeskommunale eigarskapen i selskap i samsvar med vedlagte bestillingsdokument vert oversendt SF revisjon IKS.
- 

**SAK 52/15      Budsjett 2015 - omfordeling mellom funksjonar på programområde 410**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet vedtek følgjande omfordeling på programområde 410 i budsjett 2015:
    - a. Kr. 39 000 vert omfordelt frå funksjon 41001 til 41003
    - b. Kr. 22 000 vert omfordelt frå funksjon 41002 til 41003
  2. Dei omfordelte midlane skal nyttast til kjøp av forvaltningsrevisjon
  3. Tilbakebetaling på kr. 49 424 frå SF revisjon IKS for revisjonstjenester 2014 bidreg til mindreforbruk på funksjon 41003 i 2015.
- 

**SAK 53/15      Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit - SF revisjon IKS**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå SF revisjon IKS til etterretning.
- 

**SAK 54/15**

**Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit - Deloitte**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek «Vurdering av uavhengigheit» frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS til etterretning.
- 

**SAK 55/15**

**Oppfølgingsliste 7/15**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Oppfølgingsliste 7/15 vert teken til vitande.
- 

**SAK 56/15**

**Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 24. november 2015**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:**

1. Politisk leiing si forventning til kontrollutvalet v/fylkesordførar Jenny Følling

*Fylkesordførar la fram politisk leiing sine forventningar til kontrollutvalet. Det vart peika på viktigheita av å ha eit kontrollutval med legitimitet og tillit. God kontakt med fylkestinget vart trekt fram som viktig og fylkesordførar inviterte til ein god og open dialog mellom fylkesordførar og utvalet.*

2. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS

- a. Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg

*Deloitte orienterte om status for prosjektet. Det er førebels i startfasen, men dokumentasjon var innhenta frå fylkeskommunen, og det var sendt ut spørjeundersøking til rektorane og verneomboda på skulane. Det var allereie*

*kome inn ein god del svar. Det var også sendt ut spørjeundersøking til elevråda ved dei vidaregåande skulane. To av skulane hadde svart, men det var ikkje lenge sidan undersøkinga var utsendt. Førebels ikkje noko som tyder på at tidsfristen for prosjektet skal ryke. Kontrollsjef informerte om behov frå Bygge- og egedomsjef for god tid ved planlegging av eventuelle intervju. Orienteringa frå Deloitte vart teken til vitande.*

3. Orientering v/ fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen si orientering vart gjennomført ved lukka møte etter kommunelova § 31 nr. 2, jfr. forvaltningslova § 13.

4. Orienteringar frå SF revisjon IKS

a. Revisjonsplan finansiell revisjon

*SF revisjon orienterte om revisjonsplanen. Presentasjonen vert oversendt kontrollutvalet. Orienteringa vart teken til vitande*

b. Bruk av interkommunalt selskap i kommunal revisjon, sjå vedlagde dokument OT prop. Nr. 70; 2002-2003, side 107-109 og NIBR-rapport 2011:7

*Revisor orienterte om lovmessig grunnlag for ordninga. Orienteringa vart teken til vitande.*

5. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef

a. Vedtaket i FU-sak 104/15 Rådgjevar for fylkesordføraren

*Vedtaket vert tatt som ein del av desisjonssaka for inneverande år.*

b. Informasjonsflyten rundt Fjord1

*Utvalet ba kontrollsjefen om å etterspørje eventuell presentasjon i eigarmøtet 1. november 2013 for å sjå om det er grunnlag for ytterlegare informasjon i saka.*

c. E-post motteken av KU-leiar og kontrollsjef ang. bruk av midlar til lokal samfunnsutvikling i kommunane. Uoff OFL § 13 jfr FvL § 13

*Kontrollutvalet handsama denne e-posten i lukka møte. KL § 31.2 jfr. FvL § 13*

d. E-post motteken av KU-leiar ang. spørsmål om Fjord1-prosessen (Salsprosessen) .

*Kontrollutvalet avventer resultat av eventuell lovlegheitskontroll og eventuell rettstvist før utvalet gjer vedtak om å gjere undersøkingar ang. denne saka.*

e. Budsjett 2016.

*Kontrollsjef orienterte om budsjettprosess og budsjett 2016. Orienteringa vart teken til vitande.*

f. Påmeldingar til kurs og konferansar

*Kontrollsjefen melder medlemmane på kurs og konferansar i samsvar med gjennomgang i møtet.*

